



Saksbehandlar: Ingeborg Lysne McEvoy, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 16/4891-1

Ny partnarskapsavtale mellom fylkeskommunane og Fjord Norge

Fylkesrådmannen rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

- 1 Ny partnarskapsavtale med Fjord Norge AS vert godkjent slik den ligg føre.

Vedlegg:

Partnarskapsavtale mellom fylkeskommunane og Fjord Norge

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fjord Norge AS er landsdelsselskapet for dei fire Vestlandsfylka. I tett samspel med destinasjonsselskapa og næringa skal Fjord Norge leie det internasjonale marknadsarbeidet for Vestlandet. Fjord Norges visjon er å vere det mest profesjonelle og slagkraftige destinasjonsselskapet i Europa. Selskapet skal posisjonere Fjord Norge som verdas mest attraktive destinasjon for natur- og opplevingsferiar.

Fjord Norge AS skal gjennom målretta internasjonal marknadsføring bidra til auka trafikk og sesongforlenging og dermed legge til rette for betra lønnsemid i bedrifter knytt til reiselivet i regionen. Fjord Norge AS skal ved formidling av marknadskunnskap bidra til at reiselivsnæringa i regionen tilbyr produkt og tenester tilpassa marknaden.

Sidan etableringa av Fjord Norge AS i 1993 har fylkeskommunane ytt selskapet årlege tilskot til marknadsarbeidet. I åra 2005 til 2008 fekk Fjord Norge AS tilført ekstraordinære midlar gjennom tilskot frå kompensasjonsmidlane. Totalt investerte fylka då 26,9 mill. kroner til internasjonal marknadsføring utover dei årlige tilskota til Fjord Norge AS.

2. Litt om den nye avtala

Det er utarbeidd ein ny partnaravtale mellom fylkeskommunane Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, og selskapet Fjord Norge AS. Partnarskapsavtalen skal medverke til å realisere fylkeskommunale mål og strategiar for næringsutvikling knytt til internasjonal marknadsføring av reiseliv, slik dette er formulert i gjeldande regionale planar på området. Denne avtalen erstattar tidlegare felles rammeavtale og respektive samarbeidsavtalar mellom dei fire fylkeskommunane og selskapet.

Avtalen gjeld frå 1. januar 2016 og inntil vidare og har ei årleg kostnadsramme for eit årleg partnarskapsbidrag på kr 3 millionar (2016) justert årleg med konsumprisindeksen pr. 15.november for etterfølgjande år.

Det årlege partnarskapsbidraget frå fylkeskommunen har som mål å vere langsiktige og føreseielege, men kan bli justert som følge av den årlege budsjetthandsaminga i fylkeskommunen og/eller som følge av endra nasjonale rammer og tildelingar til regional utvikling i fylkeskommunane. Fylkeskommunane eller fylkeskommunane sine revisorar har til ei kvar tid høve til å kontrollere at vilkåra for tilskotet blir halde. Fjord Norge pliktar å gje dei opplysningane som fylkeskommunane ber om.

3. Vurderingar og konsekvensar

Sidan etableringa av Fjord Norge AS i 1993 har fylkeskommunane ytt selskapet årlege tilskot til marknadsarbeidet. I åra 2005 til 2008 fekk Fjord Norge AS tilført ekstraordinære midlar gjennom tilskot frå kompensasjonsmidlane. Totalt investerte fylka då 26,9 mill. kroner til internasjonal marknadsføring utover dei årlige tilskota til Fjord Norge AS.

Vestlandet og fjordane tapte i åra 2008-2010 marknadsandelar i den internasjonale marknaden. Difor vart det sett av ei årleg rammestyrking (prosjektet Explore Fjord Norway) til Fjord Norge for kvart av åra 2011 til og med 2014. I 2015 reduserte vi den ekstraordinære innsatsen noko, men auka løvvingane frå nivået frå før 2011.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ein aksjepost i selskapet (74 aksjar, 8,91%), likt med dei andre fylkeskommunane. Viktigare er at vi yter tre millionar kroner i 2016 i tilskot til selskapet, også dette likt med dei andre fylka. Det gir til saman 12 millionar kroner frå fylka til Fjord Norge AS, som er ein stor del av budsjetterte inntekter på ca 38 millionar. Utan medverknad frå fylka er det lite truleg at vi har eit Fjord Norge.

Å drive internasjonal marknadsføring krev spisskompetanse og langsiktig satsing for å lukkast. Fjord Norge er eit landsdelselskap som gjennom fleire års arbeid har vore med å gjere Vestlandet og Sogn og Fjordane kjent langt ut over våre eigne landegrenser. Deira arbeid er avgjerande for at fylket skal nå opp i konkurransen om turistane på verdsmarknaden.

Dei viktigaste endringane som er gjort i ny partnarskapsavtale er at vi har eit større krav til rapporteringar og handlingsplan. Dette gjer at vi har betre styring og innverknad på bruk av tilskotet frå fylkeskommunane. Vidare er det positivt at avtalen som er utarbeidd ikkje er tidsbestemt, men likevel har vilkår som gjev rom for endringar. Det er viktig at fylkeskommunane tek ein aktiv del i arbeidet til Fjord Norge både gjennom styrerepresentasjon og oppfølging av avtala gjennom tett dialog med selskapet.

Det er gjort ein gjennomgang av avtalen med tanke på statsstøtteregrlar og konkurranseregelverk. Gjennomgangen førte til mindre justeringar i avtaleteksten.

I økonomiplanen for Sogn og Fjordane fylkeskommunen 2016-2019 står det at hovudutvalet for næring og kultur får fullmakt til å godkjenne ei fleirårig avtale med Fjord Norge innafor ei årleg ramme på 3 mill. kr. Godkjenninga gjeld innanfor rammene til programområde 701 Tilrettelegging, støttefunksjonar og finansieringsbistand for næringslivet.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen ser positivt på at fylkeskommunane vil fortsette samarbeidet med Fjord Norge AS og rår hovudutvalet til å vedta ny avtale mellom partane slik den ligg føre.